

Moldekleiv 05.02.2019

Meland kommune, planavdelinga.

Merknader til vegutvidingsplan for fv.245.

Dette skriv omfattar G.nr.27 brnr.9 og brnr.87. Ådlandsvegen 284.

Ifølge Statens vegvesen sine planar, vert utkøyring og innkøyring til gardshusa, stengt, på den noverandende vegen. I samband med dette, har me (grunneigarar) nokre synspunkt.

1. Kva er grunnen til at ein stengjer gardsvegen, og dermed tilkomsten til bruket?
2. Er meininga, då, at tilkomsten skal skje på avkøyringa 150 meter lenger nordvest?
3. Den vegen har, såvidt underteikna veit, ikkje brnr. 9 vegrett til, då ca 50 meter av den, ligg på brnr.23. I tillegg så er den vegen ikkje god nok som gardsveg på ein del av strekninga. Merka med 1. og 2. på teikninga som er lagt ved.

Ved punkt 1 er det for smalt til at brannbil/ambulanse eller lastebil kan passere, og skal vegen utvidast der, må det rivast eit bygg.

Ved punkt 2 kan ikkje vegen nyttast til bilkjøring pr i dag. Det er bare ein kjerreveg som vart opparbeidd for 60 år sidan til bruk for kjøring med hest og kjerre.

Resultatet er då at både bruk 27/87 og 27/9 vil ikkje få tilkomst til hovudvegen.

Me ser og at bygningane på bruk 27/9 er merka som verneverdige, (SEFRAK), på figur 69 side 55 i dokumentet «planomtale med ros-analyse».

På dette grunnlag er me ikkje einig i løysinga for tilkomstveg, slik den er føreslege i planen. Me imøteser tilbakemelding på korleis dette kan løysast.

Ifølge SVV (statens vegvesen), ved sakshandsamar Torsvik, som me var i kontakt med 04.02.2019, er det ikkje noko til hinder for å halda fram med å nytta gardsvegen, og utkøyringa på fylkesvegen slik den er i dag.

Mvh,
Roald Moldekleiv og Eli Moldekleiv

Roald Moldekleiv. Eli Moldekleiv